

Har du drøymt om hytte i strandkanten ?

19.08.2019



Fritidseigedomen med adresse Uskedalsvegen 710 ligg på Tveitane på Eik.

Dersom du nokon gong har tenkt at det ville vore fint med hytte i sjøkanten, ja, då har du sjansen no. Fritidseigedomen med adresse Uskedalsvegen 710 ligg ute for sal gjennom EiendomsMegler 1. Det er faktisk visning alt i dag, måndag 19. august kl. 17.00. Eigendomen er eit av fleire salsobjekt som er selde på Tveitane i Padlaporsen den siste tida.

Hytta har eit bruksareal på 103 rutemeter og går over tre etasjar. Underetasjen fungerer som naust med to boder og god lagringsplass. Loftsetasjen har stove, tre soverom og kott. I hovudetasjen finn vi stove/kjøkken, bad, og vaskerom.

Til eigedomen, som er på knappe 400 rutemeter, er det brygge med steinfylling. Tomta er opparbeidd med beleggstein, frukttre, bed og gjerde mot veg. Det er god plass for parkering og eigen tilgang med innkøyrsløp.



[Dette er utsikten fra stova med Uskedalen og Rosendalsfjella i bakgrunnen](#)

I salsprospektet vert det framheva at det berre er 1,5 km til Uskedal sentrum der ein finn butikk, skule/barnehage, idrettsanlegg, båthamn og andre sentrumsfunksjonar.

Bortsett frå seksjonerte leiglegheter, som i Beinavikjo og på Eikelandet, er det sjeldan at det let seg gjera å få kjøpt fritidseigedom i strandsona i Uskedalen. Sal av Uskedalsvegen 710 med strandline og flott utsikt, må reknast som unikt i denne samanhengen.

Med alle kostnader er totalprisen 2,8 mill kr.

Tekst/hett: Kristian Bringedal

Foto: Bente Jorunn Aamodt



Det er attraktivt å ha tilgang til og bu i strandsona på Eik med Eikedalen, Manen og Englafjell like ved.